



Askøy kommune
Klampavikvegen 1
5300 KLEPPESTØ

Referanser:
Dykkar: 2016/7165
Vår: 16/2873 - 16/23747

Saksbehandlar:
Ingrid Raniseth
ingrid.raniseth@meland.kommune.no

Dato:
20.12.2016

Dispensasjon frå reguleringsplan nr. 127 - Mjølkevikvarden syd

Viser til søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Mjølkevikvarden syd i Askøy kommune, mottatt 30.11.2016.

For planering av gnr. 37 bnr. 157 er det søkt om dispensasjon til å endre reguleringsformålet *Steinbrudd—passiv sone* til *aktiv sone*. Arealet det gjeld er om lag 15 000 m² og er lokalisert nordaust på Askøy ved Herdlefjorden.

Merknad

Viser til motsegn frå Meland kommune til kommuneplan for Askøy 2006-2018 som gjeld ulemper knytt til friluftsliv/støy/fjernverknad ved utviding av Mjølkeråen Industriområde, og vedtak fatta av Miljøverndepartementet 03.11.2008. Av vedtaket går det fram at saka må følgjast opp gjennom ein reguleringsplan der ei konsekvensutgreiing vil synleggjera behov for avbøtande tiltak og at desse kan fastsetjast i føresegnene.

Meland kommune kan ikkje finne at ny reguleringsplan er utarbeidd og stiller seg derfor kritisk til ein dispensasjon som opnar for ytterlegare aktivitet på området når det ikkje føreligg løysingar for å dempe ulempene ved verksemda. Ved endring av reguleringsformål vurderer vi at det er trong for å endre eksisterande plan.

På bakgrunn av dette ber Meland kommune om at det vert gjort ei vurdering på om krava til dispensasjon er oppfylt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Ingrid Raniseth
Plansakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Askøy kommune

Hjeltefjorden AS v/ Bjørn-Egil Olsen

Klampavikvegen 1 5300

Storebotn 5309

Næringspark

KLEPPESTØ

KLEPPESTØ